

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016

Leif Fauskanger frå Hjelpemiddelsentralen Vest orienterte om hjelpemiddelsentralen med fokus på tilbod og tilrettelegging for blinde.

Seksjonsleiar forvaltning **Rolf Rosenlund** frå samferdselsavdelinga orienterte om TT-ordninga og moglegheita for å søkje om utvida midlar.

Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag til protokollmerknad:

«Invitasjon om å søkje om utvida midlar til TT-ordninga vart gjort kjent for rådet via FFO. Det er beklageleg at rådet kom seint inn i prosessen.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke

Protokollmerknad til orienteringa om TT-ordninga og moglegheita for å søkje om utvida midlar

Invitasjon om å søkje om utvida midlar til TT-ordninga vart gjort kjent for rådet via FFO. Det er beklageleg at rådet kom seint inn i prosessen.

Nina Murberg, FFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet ønskjer ein orientering frå vaksenopplæringa på eit framtidig møte.»

Røysting

Murberg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet ønskjer ein orientering frå vaksenopplæringa på eit framtidig møte.